



## Saksframlegg

### Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utval
		Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne
		Ungdomsrådet
		Eldrerådet
		Hovedutvalg helse, sosial og omsorg
		Hovedutvalg oppvekst, kultur og kunnskap
		Hovedutvalg teknisk, miljø og næring
		Formannskapet
		Kommunestyre

## Hustadvika 2040 - Utviklingsplan

### Kommunedirektørens tilråding

1. Kommunestyret vedtek Hustadvika 2040 – utviklingsplan med tilhøyrande handlingsplan som overordna strategisk styringsdokument for kommunen si utvikling fram mot 2040.
2. Strategiane og innsatsområda vil vere styringsverktøyet for prioritering, organisering og gjennomføring av utviklingsarbeidet i Hustadvika 2040.
3. Utviklingsprogrammet skal operasjoniserast gjennom ein årleg handlingsplan som vert rullert og revidert i tråd med behov, erfaringar og prioriteringar i styringsgruppa.
4. Finansiering av utviklingsarbeidet vert årleg lagt inn i Handlings- og økonomiplana med ein fastsett eigenandel til arbeidet etter ei vurdering.

### Samandrag

Hustadvika 2040 er ein heilskapleg utviklingsplan som skal gi ei tydeleg retning for korleis kommunen skal utvikle seg fram mot 2040. Planen fungerer som det overordna strategiske dokumentet for kommunen si samfunns- og næringsutvikling, og dannar grunnlaget for eit konkret utviklingsprogram dei komande seks åra. Plana ligg som vedlegg 1 til saka.

Kjernen i planen er eit gjennomarbeidd strategidokument som samlar visjon, mål og strategiske prioriteringar i ein strukturert modell – strategihuset. Dette dokumentet er styrande for all vidare innsats i programmet og legg premissane for kva tiltak som skal prioriterast, korleis ressursar skal nyttast, og korleis kommunen skal samarbeide med andre aktørar.

Til saka ligg det ved:

- ein overordna utviklingsplan (strategidokumentet)
- ein handlingsplan som operasjonaliserer strategiane

Handlingsplanen er utforma som eit operativt og dynamisk styringsverktøy som skal rullerast årleg.

## **Saksopplysningar**

### Strategidokumentet – fundamentet for Hustadvika 2040

Utviklingsplanen er i hovudsak eit strategidokument som tek utgangspunkt i erkjenninga av at langsiktig samfunns- og næringsutvikling må vere planlagt, prioritert og gjennomført på ein samordna måte over tid.

Planen byggjer på ein grunnleggjande tanke om at utvikling ikkje kan skje gjennom enkeltprosjekt eller sektorvise tiltak, men må vere resultat av tydelege strategiske val og samspel mellom aktørar.

Strategidokumentet har fleire sentrale funksjonar:

- å definere ønska retning for utviklinga av Hustadvika fram mot 2040
- å etablere felles mål og prioriteringar for kommune, næringsliv og samfunn
- å skape eit grunnlag for betre samordning av innsats og ressursar
- å sikre at utviklingsarbeidet vert langsiktig, målretta og forpliktande

### Strategihuset – frå retning til prioritering

Strategihuset er den strukturelle kjernen i strategidokumentet, og samlar dei viktigaste elementa i planen i ein tydeleg modell.

Dette omfattar:

- Visjon: «sjå lenger fram» – som uttrykk for eit langsiktig og framoverretta perspektiv
- Effektmål: kva for utvikling ein ønskjer å oppnå (til dømes bulyst, samhandling og næringsutvikling)
- Innsatsområde: dei områda der kommunen må prioritere innsatsen
- Strategiar: konkrete val av retning innanfor kvart område

Strategihuset skal ikkje berre forklare planen – det skal vere eit aktivt styringsverktøy. Det inneber at:

- alle tiltak skal vurderast opp mot om dei bidreg til måloppnåing
- ressursbruk skal prioriterast etter strategiske val
- utviklingsarbeidet skal haldast samla og koordinert

Dette gjer strategidokumentet til eit praktisk verktøy for både politisk og administrativ styring.

### Frå strategi til handling – handlingsplanen

Med utgangspunkt i strategidokumentet er det utarbeidd ein handlingsplan som konkretiserer prioriteringane i form av tiltak.

Handlingsplanen skal:

- omsetje strategiane til konkrete aktivitetar
- gi retning for bruk av midlar og ressursar
- fungere som operativt styringsverktøy i gjennomføringa

Handlingsplanen er dynamisk og skal rullerast årleg, slik at innsatsen kan tilpassast erfaringar, effekt og nye behov. Organiseringa er tenkt styrt som prosjekt, med ein prosjektleiar og ei styringsgruppe der ordførar er leiar av styringsgruppa.

### Medverknad og forankring

Strategidokumentet byggjer på ein omfattande medverknadsprosess, der formålet har vore å utvikle ein felles forståing av utfordringar og moglegheiter i kommunen.

Prosessens har inkludert:

- breie spørjeundersøkingar til næringsliv, politikarar og administrasjon
- opne innspelsprosessar for innbyggjarar
- intervju og dialog med sentrale næringsaktørar
- medverknadsmøte og workshops med lag, organisasjonar og frivillig sektor
- politisk involvering

Denne breie involveringa har gitt både eit solid kunnskapsgrunnlag og eit viktig eigarskap til planen. Kunnskapsgrunnlaget er summert opp i vedlegg «*Hustadvika 2040 – Oppsummering av intervjuer, spørreundersøkelse og medvirkning*». Det er òg laga ein eigen kommunikasjonsstrategi for utviklingsprogrammet som ligg ved.

## **Vurdering**

Kommunedirektøren vurderer at utviklingsprogrammet Hustadvika 2040 gir kommunen eit viktig og nødvendig grunnlag for langsiktig utviklingsarbeid.

Planen skil seg frå tradisjonelle temaplanar ved at han er utforma som eit operativt utviklingsprogram med eiga organisering, dedikert utviklingskapasitet og moglegheit for fleksibel prioritering av tiltak over tid. Dette blir vurdert som nødvendig for å kunne arbeide meir systematisk og heilskapleg med samfunns- og næringsutvikling. Strategihuset framstår som eit sentralt styringsgrep som sikrar samanheng mellom mål og tiltak, og reduserer risikoen for fragmentert utviklingsarbeid.

Kommunedirektøren vurderer det som positivt at planen byggjer på brei medverknad og eit omfattande kunnskapsgrunnlag. Gjennomføringa av Innovasjonscamp i 9. trinn var særleg eit arbeid som ga nye og viktige innspel til Hustadvika 2040. Forprosjektarbeidet har synleggjort både styrkar og

utfordringar i kommunen, særleg knytt til samhandling, tillit, rekruttering og utviklingsevne. Visjonen i utviklingsprogrammet kjem frå prologen som forfattaren Edvard Hoem gav til opninga av Hustadvika kommune i 2020. «*Rett ryggen no, sjå lenger fram*» vert dermed ei heilt unik og treffsikker rettesnor for vår kommunes utviklingsprogram fram mot 2040.

Plana har ligge ute til offentleg høyring frå 21.april til 5.mai 2026. Det kom inn totalt 5 høyringsinnspel i perioden. Innspela er summert opp og kommentert i vedlegg til saka. Fleire av høyringsinnspela etterlyser tydelegare konkretisering, prioritering og ansvarleggjering. Kommunedirektøren vurderer desse innspela som relevante. Samstundes er det viktig å understreke at Hustadvika 2040 er meint å vere ei langsiktig strategisk retning og eit rammeverk for vidare utviklingsarbeid, medan konkret prioritering av tiltak skal vidareutviklast og forankrast gjennom årlege handlingsplanar og økonomiplanarbeid.

Fleire av innspela peikar på behov for:

- universell utforming,
- inkludering,
- natur- og friluftshensyn,
- ungdomsmedverknad,
- og betre samhandling mellom kommune og næringsliv.

Dette er forhold som allereie er omtalt i planen, men som òg vil vere viktige i vidare konkretisering og gjennomføring av utviklingsarbeidet.

Kommunedirektøren vurderer samla sett at Hustadvika 2040 gir kommunen eit godt grunnlag for å arbeide meir langsiktig, koordinert og målretta med utvikling fram mot 2040.

### **Økonomiske konsekvensar**

Utviklingsprogrammet er planlagt finansiert gjennom samarbeid mellom fylkeskommune, andre regionale utviklingsaktørar, kommune og lokal eigeninnsats, med ei årleg ramme på om lag 5 millionar kroner. Kommunens eigenandel er vurdert til om lag 1 million kroner årleg i perioden.

Strategidokumentet legg føringar for korleis ressursane skal prioriterast, medan handlingsplanen konkretiserer bruken av midlane.

Kommunens eigenandel i utviklingsprogrammet vert fastsett og innarbeidd årleg i Handlings- og økonomiplana.

### **Klima og miljøkonsekvensar**

Strategidokumentet byggjer på ei berekraftig tilnærming der miljømessige, sosiale og økonomiske omsyn vert sett i samanheng.

Gjennom strategihuset vert berekraft integrert i alle innsatsområde og prioriteringar, og handlingsplanen gir moglegheit for å konkretisere ulike miljøtiltak.

Vedlegg:

- 1 Hustadvika 2040 - Utviklingsplan
- 2 Hustadvika 2040 - Handlingsplan
- 3 Oppsummering av intervjuer, spørreundersøkelse og medvirkning
- 4 Kommunikasjonsstrategi
- 5 Innkomne høringsinnspill - med kommentarer